

Utfordringsdokument: Offentlege arbeidsplassar i Indre Sogn

Er det evne og vilje til samarbeid mellom kommunane?

Innhald:

1.	Bakgrunn	4
	Staten	4
	Vestland fylkeskommune	4
	Indre Sogn	4
2.	Korleis tenker stat og fylke?	6
	Staten sin politikk	6
	Utviklinga dei seinare åra	9
	Vestland fylkeskommune sin lokaliseringpolitikk	10
3.	Kor står kommunane?	13
	Utvikling og status	15
4.	Målt mot kriteria	20
	Korleis stettar BA-regionane/kommunane lokaliseringskrava?	20
	Simulering	21
	Attraktivitet	22
5.	Utfordringa	24
	Realisme og forplikting	24
	Tilråding	24
	Vegen vidare	24
6.	Figurar og tabellar	26
7.	Notar	27
	Talmaterialet	27
	Definisjonar	27
8.	Sluttnotar	29

Forord

Dette dokumentet er eit bidrag i Sognarådet IPR¹ sin prosess for å klargjere om kommunane i Indre Sogn har evne og vilje til å samarbeide om å ta vare på og trekke til seg nye offentlege arbeidsplassar.

At Sognekommunane står samla er ein naudsynt - men ikkje tilstrekkeleg - føresetnad for å lukkast i dette arbeidet.

Alternativet er alle sin kamp mot alle.

Årdal, 15. mars 2024

Vidsyn rådgivning as



Jan Øhlckers

¹ Interkommunale politiske råd

1. Bakgrunn

Dei statlege og fylkeskommunale arbeidsplassane er viktige for arbeidsmarknaden i heile Indre Sogn. Også for dei kommunane som har få slike arbeidsplassar, men kor mange pendlar til arbeidsplassen sin i ein av nabokommunane.

Reformer i det offentlege, frå avbyråkratisering - og effektivitetsreform til region- og kommunereform, har alt fått konsekvensar. Desse arbeidsplassane er no meir utsette enn før.

Flytting eller nyetablering av statlege arbeidsplassar utanfor Oslo og dei andre større byane er krevjande. Det er sterke motkrefter; politisk, administrativt og fagleg. Å nå fram i konkurransen krev ein samla region, der alle kommunane dreg i lag.

Staten

Statleg lokaliseringpolitikk er ein del av regionalpolitikken og eit direkte verkemiddel som regjeringa rår over for å påverka den regionale balansen. Retningslinjene for lokalisering av statlege arbeidsplassar inneheld mål, prosedyre- og vurderingskrav.

Avgjerder om lokalisering blir no løfta til politisk nivå og det blir stilt krav om å ta lokaliseringspolitiske omsyn. Lokaliseringsstaden vert vedteke etter konkurranse mellom tre eller fleire alternativ. Prosessen skal vere open og mest mogleg objektiv. Og med god dokumentasjon.

Vestland fylkeskommune

I motsetnad til staten har ikkje fylkeskommunen ein samla politikk og vedteke retningslinjer. Det er likevel nokre einskildvedtak som gjev føringar, jf. Lokaliseringpolitikk på s. 11.

Indre Sogn

Endra struktur

Frå 1.1.2024 er Sogn regionråd omdanna til interkommunalt politisk råd (IPR) i samsvar med ny kommunelov¹.

Planverk

Sognrådet IPR – tidlegare Sogn regionråd – har i sin regionalplan for Sogn 2021-2024² som hovudmål at:

“Vi skal vere ein pådrivar for å gjera Sogn attraktiv for innbyggjarar, næringsliv og besøkande”.

Offentlege arbeidsplassar er eitt av ti satsingsområde i regionalplanen. Satsingsområdet er knytt til næringsutvikling. Som eitt delmål er sett:

«Nyetableringar og vekst i eksisterande private og offentlege verksemdar i regionen der vi byggjer på det vi er sterke og gode på»

Strategiane for å nå dette delmålet er å:

- «1. Medverka for å styrke og vidareutvikle dei statlege og regionale offentlege arbeidsplassane i Sogn*
- 2. Byggja politisk og administrativ kunnskap og kapasitet til å drive påverknadsarbeid og strategiutvikling»*

² <https://www.sogn.regionraad.no/regionalplan-for-2017-2020.385762.nn.html>

Forprosjekt

I eit forprosjekt i 2022 vart det forsøkt avklart korleis rådet skulle jobbe vidare med offentlege arbeidsplassar som eit fellesprosjekt, og korleis innrette eit eventuelt hovudprosjekt.

Konklusjonane var:

«Regionrådet bør som eit resultat av forprosjektet ha som mål å:

- *Kartlegge om dei ulike kommunane vil prioritere, og i kor stor grad, å arbeide strategisk saman med å behalde og få tilført nye offentlege arbeidsplassar*
- *Koordinere eit evt. felles arbeid med å behalde og få tilført fleire offentlege arbeidsplassar gjennom rådmannsgruppa for regionrådet, og basere seg på ressursane som allereie finst i kommunane*
- *Fortsette å fremje Sogn som ein felles bu- og arbeidsmarknad for å vere attraktiv i rekruttering til statlege stillingar som kan styrke fagmiljøa»*

Dette notatet er eit innspel i prosessen for å kartlegge om og i kor stor grad det er evne og vilje til samarbeid mellom kommunane i rådet. Det er naturleg å sende notatet til høyring mellom kommunane.

IPR'et må så ev. ta stilling til om det vidare arbeidet skal skje i regi av den kommunale oppgåvefellesskapen (KO), arbeidsutvalet (AU) eller sjølve Sognatinget.

2. Korleis tenker stat og fylke?

Staten sin politikk

Hurdals-plattformen

Regjeringa har i si politiske plattform³ lagt nokre føringar for korleis staten skal legge til rette for offentlege arbeidsplassar i distrikta (s. 35):

- *«Legge til rette for at statlige ansatte kan jobbe desentralisert gjennom å innføre nærhetsprinsipper for statlig styring:*
- *Statlige virksomheter skal organiseres slik at kompetansen ligger så nær innbyggerne som mulig.*
- *Nye statlige arbeidsplasser skal legges utenfor Oslo, med mindre helt åpenbare grunner tilsier noe annet. Veksten innenfor eksisterende statlige arbeidsplasser skal fordeles mer rettferdig mellom by og land.*
- *Det skal bygges sterke kompetansetilgjanger i hele landet gjennom en jevnere fordeling av offentlige arbeidsplasser.*
- *Ingen vedtak om nedleggelse av statlige tjenestesteder skal gjøres i neste stortingsperiode med mindre det er avgjørende for å ivareta viktige nasjonale interesser.*
- *Iverksette arbeidet med bygdevekstavtaler på utvalgte steder i landet.*
- *Utvikle regionvekstavtaler mellom staten, kommuner og regioner, som skal sikre utvikling og vekst i hele landet og langsiktige rammer for næringsliv, transport, bosetting, utdanning og velferd.*
- *Igangsette et pilotarbeid i form av nærtjenestesentre, for økt tilgang til statlige tjenester, eksempelvis utstedelse av pass og førerkort, og kort vei til tjenester som juridisk rådgivning gjennom etablering av lokale servicetorg.»*

Statleg lokaliseringsspolitikk⁴

Politikken vart oppdatert 13. februar 2023 og er sett saman av:

- *Retningslinjer⁵*
- *Rettleiar⁶*

Retningslinjer

Retningslinjene er fastsett regjeringa ved kongeleg resolusjon 12. august 2022. Her ligg føremålet for den statlege lokaliseringsspolitikken, med vurderings- og prosedyrekrav i samband med lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon. Dei kjem i tillegg til og ikkje til erstatning for krava som følgjer av utgreiingsinstruksen.

«Den statlege lokaliseringsspolitikken skal, ved oppfølginga av desse retningslinjene, medverke til:

- *Ei fordeling av statlege arbeidsplassar som medverkar til å utvikle robuste arbeidsmarknader i alle delar av landet*

³ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/hurdalsplattformen/id2877252/?ch=1>

⁴ <https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/regional--og-distriktpolitikk/statleg-lokaliseringsspolitikk/id2897790/>

⁵ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/retningslinjer-for-lokalisering-av-statlege-arbeidsplassar-og-statleg-tenesteproduksjon/id2924136/>

⁶ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/veileder-til-retningslinjer-for-lokalisering-av-statlige-arbeidsplasser-og-statlig-tenesteproduksjon/id2600910/>

- *Å redusere dei samla negative verknadene som bortfall av statlege arbeidsplassar har for kommunar og arbeidsmarknadsregionar*
- *Lokalisering av statleg tenesteproduksjon som sikrar befolkninga i alle delar av landet god tilgang til statlege tenester*
- *At nye og omlokaliserte statlege verksemdar i hovudsak blir lokaliserte utanfor Oslo, sentrale kommunar i Oslo-området eller andre av dei største byane*
- *At veksten i eksisterande verksemdar, og som har ein regional struktur, i hovudsak skal skje utanfor dei største byane*
- *At kostnadseffektivitet og effektiv oppgåveløysing blir inkludert i vurderinga av lokaliseringalternativ,*
- *....»*

Verkeområde

Retningslinene gjeld statsforvaltingaⁱⁱ og ved:

- *Oppretting av ny statleg verksemd*
- *Omlokalisering*
- *Utviding som følgje av nye oppgåver*

Krav til vurderinga

Det skal ligge ei skriftleg vurdering til grunn for val av lokaliseringsstad. Den skal innehalde minst tre alternativ, og eitt av alternativa skal vere i Sentralitetsklasse⁷ 3 til 6. Dersom verksemda har ein regional struktur skal ev. omlokalisering skje i den delen av strukturen som ligg utafor dei større byane.

Vilkår for lokalisering

Retningslinene set nokre vilkår for lokaliseringa:

- *Krav til nærleik til tenesta*
- *Kompetansekrav til dei som skal utføre arbeidsoppgåvene*
- *Krav til infrastruktur, nærleik til andre typar fagmiljø, offentlege styremakter m.m.*

Men i tillegg skal det takast *lokaliseringspolitiske omsyn*. Det skal leggjast vekt på lokalisering i regionale sentra der verksemda har størst potensiale for å bidra til det lokale tilbodet av arbeidsplassar, både med omsyn til omfang og breidde.


Dessutan skal kostnadane ved dei ulike lokaliseringalternativa dokumenterast. Det er eit overordna mål for statleg forvaltning at ho skal vere kostnadseffektiv.

Til sist skal det gjerast greie for konsekvensane for arbeidsmarknaden og avbøtande tiltak.

Rettleiar

Rettleiaren er oppdatert av Kommunal- og distriktsdepartementet 21. mars 2023. Her det skissert slik saksgang:

⁷ <https://www.ssb.no/befolkning/folketall/artikler/sentralitetsindeksen> Kommunane i Indre Sogn ligg i klasse 6 (Vik og Aurland) og dei fire andre i klasse 5.



Figur 1 Saksgang for ei lokaliserings sak. Kjelde: Rettleiaren.

Føremålet med prosessen er todelt:

1. Sikre behova i sektoren
2. Ivareta lokaliseringspolitiske mål

Rettleiaren har stilt opp to tabellverk der dei ulike alternativa vert målt mot kriteria. Det fyrste er dei kriteria som stettar sektoren/verksemda sine behov:

Tabell 1 Lokalisering basert på behova til verksemda

Lokaliseringa stettar sektoren sine behov for:	Ja	Til ein viss grad	Nei	Ikkje relevant
Fysisk nærleik til brukarar av tenester				
Fysisk nærleik til samarbeidspartnarar (fagmiljø, offentlege styresmakter osv.)				
Bruk av eksisterande kompetanse				
Nyrekruttering av relevant kompetanse				
Relevante utdanningsinstitusjonar i arbeidsmarknaden				
Transporttilbod og -infrastruktur				
Samlokalisering med andre einingar				
Bygningsmessig infrastruktur				
Effektiv oppgåveløysing og kostnadseffektivitet				
Anna (spesifiser)				

Dei ulike elementa i skjema er ikkje vekta og vurderinga er berre tredelt; ja, litt og nei. Dette oppnar for at verksemda som skal vurdere ein mogleg lokaliseringsstad kan nytte skjønn.

Det andre tabellverket inneheld dei kriteria som er tufta på lokaliseringspolitiske mål:

Tabell 2 Lokalisering basert på lokaliseringspolitiske mål

Sysselsette i bo- og arbeidsmarknadsregionen	Tal / del / prosentvis endring
Talet på sysselsette i arbeidsmarknadsregionen	(absolutte tal)
Statleg sektors del av sysselsettinga	(prosentvis del)
Endring i talet på sysselsette i statleg sektor over tid	(prosentvis endring i perioden)

Sentraliseringsgrad

Aktuelle lokaliseringsstader må ligge i kommunar med Sentralitetsklasse 3 – 6. Alle kommunane i Indre Sogn stettar dette kravet.

Tabell 3 Sentraliseringsklass. Kommunane i Indre Sogn

Kommune	Indeks 2023	Klasse 2023
Aurland	528	6
Luster	567	5
Lærdal	570	5
Sogndal	659	5
Vik	532	6
Årdal	592	5

Det er fagdepartementet som til slutt gjer vedtak om lokalisering, ev. ved at saka vert lagt fram for regjeringa⁸ om den er stor eller viktig nok.

Utviklinga dei seinare åra

Trass i ambisjonane i den statelege lokaliseringspolitikken har det gjennom mange år vore ein auke i offentlege sysselsette i Oslo og i dei større byane.

I Oslo og nabokommunane var det 98 324 sysselsette innan statsforvaltninga i 2021. I 2023 hadde talet auka til 100 805 sysselsette⁹. Utflyttingar i 2022 – 24 er mykje mindre enn denne auken i Oslo og nabokommunane.

Det meste skjer til mellomstore eller større byar, eller til kommunar nær Oslo som t.d. Ås og Bærum. I tillegg er dei fleste sakene ikkje utflyttingar, men nyetableringar, der motkreftene ikkje er fullt så sterke. Det er berre Vardø med litt under 2 000 innbyggjarar som er mindre enn Sogndal. Alle dei andre stadane ligg mellom 30 000 og meir enn 100 000 innbyggjarar.

Tabell 4 Utflytting. 2022 - 24. Kjelde: Faktisk.no

Verksemd	Type	Stad	Sentr. klasse	Tal tilsette	År
Regionalisering Eksfin	nyetablering	Ålesund og Stavanger	3 og 2	2+2	2022
Nasjonalt kompetansmiljø skulehelsetenesta	nyetablering	Levanger	4	5 til 7	2022
Omorganisering av fiskeridirektoratet	nyetablering/strukturendring	Fleire stader		2	2022

⁸ I form av eit R-notat

⁹ <https://www.nrk.no/vestland/faerre-arbeidsplassar-vert-flytta-ut-i-distrikta-1.16801378>

Verksemd	Type	Stad	Sentr. klasse	Tal tilsette	År
Bionova	nyetablering	Brumunddal	3	2	2022
Sekretariatet for Tilsynsrådet i kriminalomsorga	nyetablering	Vardø	6	5	2023
Samanslåing av Nasjonalbiblioteket og Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek	samanslåing	Mo i Rana	4	ikkje oppgitt	2023
Overføring av oppgåver frå Miljødirektoratet til Landbruksdirektoratet	flytting	Steinkjer	4	4	2023
Bedragerisenter, Økokrim	nyetablering	Gjøvik	3	25	2023
Sekretariat for Kyrkebevaringsfondet	nyetablering	Trondheim	2	ikkje oppgitt	2023
Varslingsombod politiet	nyetablering	Hamar	2	2	2023
Ny etat for eksportkontroll og sanksjoner	nyetablering	Fornebu, Bærum	1	40	2023
Evalueringsfunksjon bistandsforvaltning NORAD	flytting	Førde	5	15	2024

Vi finn flest statleg tilsette i kommunar med Sentralitetsklasse 2. I 2022 var det 51 246 tilsette i denne sentralitetsklassa. Sida 2021 har det vore ein auke på om lag 3,3 %.

Sentralitetsklasse 1 følgjer tett etter med 50 538 arbeidsforhold. Også her har det vore ein auke sidan 2021, på om lag 2,5 %.

Det er færrest arbeidsforhold i Sentralitetsklasse 5 og 6. Der finner vi 5 202 og 1 566 av arbeidsforholda. I Sentralitetsklasse 5 har det vore ein auke på 0,9 % sidan 2021, medan det i Sentralitetsklasse 6 har vore ein minke på -1,2 %.

Vestland fylkeskommune sin lokaliseringpolitikk

Samanslåinga

Som lekk i prosessen rundt samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune til Vestland fylkeskommune 1. januar 2020 vart det etablert ein desentralisert organisasjonsstruktur:

Tabell 5 Organisasjonsstrukturen i Vestland fylkeskommune. Kjelde: Intensjonsplan

Hovudutval	Administrativ sektorleiing (geografisk plassering av toppleiing)
Næring	Delt fagleg-administrativt ansvar: <u>Hordaland</u> og <u>Sogn og Fjordane</u>
Opplæring og idrett	<u>Hordaland</u>
Samferdsle	Kollektivtransport: <u>Hordaland</u> Veg: <u>Sogn og Fjordane</u>
Kultur	Kultur: <u>Sogn og Fjordane</u>

Indre Sogn er difor lokaliseringsstad for administrasjon av fylkesvegane. I tillegg ligg det her òg nokre støttfunksjonar som t.d. fylkesarkivet.

Skulestrukturen og m.a. folketannrøkta sikrar dessutan at fylkeskommunen har arbeidsplassar i stort sett alle kommunane.

Lokaliseringpolitikk

Fylkeskommunen har ikkje eit eige politisk dokument på dette feltet, men etter samanslåinga vart det teke ein organisasjonsgjennomgang med mellom anna dette temaet.

I vedteke budsjett for 2021: s. 168 - verbalpunkt 3¹⁰ går det fram at ein føresetnad for gjennomgangen var at:

«.... den desentraliserte strukturen vert vidareført»

Ei orientering om gjennomgangen vart lagt fram som referatsak RS 2/21 for fylkestinget 09.03.2021 – «Status oppfølging av verbalpunkt budsjett 2021: Organisasjonsgjennomgang»¹¹

Saka vart så sett på saklista utan saksframlegg som politisk sak PS 25/2021 for fylkestinget same dag – «Desentralisering i Vestland fylkeskommune». Gunnar Moland (H) sette på vegner av H, A, Frp, MDG, Sp, SV, V, KRF, U fram slikt forslag¹² som vart samrøystes vedteke:

«Innafor ramma av den organisasjonsgjennomgangen fylkestinget tidlegare har vedteke ber fylkestinget fylkesrådmannen utgreie mogelege modellar for desentralisering av arbeidsplassar og nye måtar å arbeide på i Vestland fylkeskommune i lys av digitaliseringa som fylkeskommunen har vore gjennom det siste året. Det skal utgreiast modellar for tilpassa bruk av heimekontor for den enkelte tilsette, desentraliserte einingar ute i fylket og andre fleksible arbeidsmetodar.

Fylkesrådmannen vert også bedt om å gjere greie for utfordringar og moglegheiter knytt til arbeidsmiljø, produktivitet, kostnader, ansvaret til fylkeskommunen som arbeidsgjevar og andre relevante omsyn. Målet for

¹⁰ <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/om-oss/budsjett-2021-vestland-fylkeskommune.-okonomiplan-20212024.-vedteke.pdf>

¹¹ <https://innsyn.vlfb.no/Innsyn/RegistryEntry/DocumentDetails/374332?SourceDatabase=>

¹² <https://innsyn.vlfb.no/Innsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=5389&caseType=Protokoll®istryEntryId=0&sourceDatabase=>

utgreiinga er å gje tilsette meir frivillig fleksibilitet og sjå på muligheter for desentralisering av fylkeskommunen si verksemd. Difor må dei tilsette, gjennom m.a. arbeidstakarorganisasjonane, inkluderast og bli høyrde i arbeide»

Der står saka no.

3. Kor står kommunane?


Arbeidsmarknadsregionane

SSB definerer bustad- og arbeidsmarknaden i Sogn ved å stille saman mykje av statistikken etter BA-regionarⁱⁱⁱ:

- Vik, BA-region nr. 69
- Sogndal og Luster, BA-region nr. 70
- Aurland, BA-region nr. 71
- Lærdal og Årdal, BA-region nr. 72

Folketalsutviklinga

Indre Sogn totalt har hatt ei positiv folketalsutvikling i mange år, med nær på 2 tusen fleire innbyggjarar sidan 2008.




Figur 2 Folketalsendring. Kommune. SSB

Det skuldast i all hovudsak tilflytting, innvandring og den uvanleg store folketalsauken i Sogndal og Luster, men òg ein liten vekst i Aurland.

Både Vik og Årdal/Lærdal har nedgang i folketalet i perioden.

Samstundes utviklar demografien seg ugunstig i regionen; talet på eldre over 65 år er raskt aukande, medan fødsel/barnetala går ned. I tillegg er det færre kvinner enn menn i dei produktive årsklassane.

Fordelt på BA-regionar har Sogndal/Luster større auke enn totalen, frå 15 315 til 17535 innbyggjarar.



Figur 3 Folketalsendring, BA-region, SSB


Sysselsette i staten

Statleg sektor sin del av totalt tal sysselsette ligg på 10,31 %. Trass statleg politikk har det vore ei nedgang på 3,22 % eller 52 statlege arbeidsplassar dei siste fem åra.

Tabell 6 Sysselsette i statleg sektor fordelt på BA-regionar, Sogn, 2022, SSB

BA-region	Talet på sysselsette			Endring 2017-2022 (%) Statleg sektor	Statleg sektors del av tal sysselsette 2022
	Alle sektorar 2022	Statleg sektor 2017	Statleg sektor 2022		
Vik	1 195	65	56	-13,8 %	4,7 %
Sogndal, Luster	9 473	1 298	1 254	-3,4 %	13,2 %
Aurland	948	16	13	-18,8 %	1,4 %
Lærdal, Årdal	3 558	237	241	1,7 %	6,8 %

Men fordelinga mellom BA-regionane i Sogn er òg interessant. Sogndal/Luster skil seg klårt ut. Mellom Lærdal og Årdal er det Lærdal med sjukehuset som dominerer. Årdal har nesten ingen statlege arbeidsplassar. I Vik er det kriminalomsorga, medan Aurland heller ikkje har mange statlege arbeidsplassar.




Figur 4 Fordelinga i Sogn. Statleg sektor. 2022. SSB

Utvikling og status

Vik

Kommunen ligg på sørsida av fjorden og har kommunikasjon vestover med hurtigbåt og rv. 13 over Vikafjellet sørover til Voss og nordaust til Sogndal. Regulariteten sørover er ikkje god og ferjetilbodet i trekantsambandet Vangsnes – Hella – Dragsvik dårleg om natta.

Om lag 4 % av dei offentlege arbeidsplassane i Indre Sogn ligg i Vik. Talet har vore minkande dei seinare åra. Kriminalomsorga (Vik fengsel) og Sognekraft er viktige offentlege arbeidsplassar.




Figur 5 Tilsette med Vik som arbeidsstad. Off. sektor. SSB

Det er særleg arbeidsplassar i Sognekraft¹³ med nettselskapet Sygnir som har minka. Kommunen har nesten ikkje fylkeskommunale arbeidsplassar.

¹³ Eigd av fleire av kommunane i Sogn og Eviny (tidlegare BKK)

Likevel er det slik at fleire som er busett i Vik har arbeidet sitt innafor offentlig sektor og pendlar til andre kommunar, i all hovudsak til Sogndal (både regionsenteret og Leikanger).

Det går fram av figuren under som syner negativ balanse mellom bustad og arbeidsstad for personar med arbeid i offentlig sektor.



Figur 6 Skilnaden mellom bustad og arbeidsstad. Vik. Stat og fylkeskommune. SSB.

Strategi

Kommunen har ikkje utvikla eigen strategi for å vedlikehalde og trekke til seg offentlege arbeidsplassar, men kommuneplanen sin samfunnsdel¹⁴ har eit punkt om at folkevalde skal:

«Arbeida for fleire statlege arbeidsplassar i Vik knytt opp mot Vik fengsel.»

Sogndal/Luster

BA-regionen Sogndal/Luster ligg på nordsida av fjorden og er knytt saman av fv. 55, frå grensa til Høyanger (rett etter Nessane) til grensa til Innlandet på Sognefjellet. RV. 5 frå Skei i Sunnfjord til Håbakken i Lærdal gjer regionsenteret til eit trafikknutepunkt.


Samstundes har kommunen Sogndal lufthamn, Haukåsen med sine FOT-ruter¹⁵.

Dei offentlege arbeidsplassane er konsentrert i Leikanger og regionsenteret Sogndal. Over 13 % er sysselsett i statleg sektor og BA-regionen har 80 % av dei statleg tilsette i Indre Sogn.

Talet på slike arbeidsplassar er stabilt.

¹⁴ <https://www.vik.kommune.no/f/p1/i6f4b5f8c-47e1-44c8-ad0f-dfe77d21e5d4/samfunnsdelen-av-kommuneplanen-del-2.pdf>


¹⁵ <https://www.regjeringen.no/no/tema/transport-og-kommunikasjon/luftfart/statlig-kjop-av-flyruter/id2076452/>



Figur 7 Tilsette med Sogndal/Luster som arbeidsstad. Off. sektor. SSB

Dessutan er fylkeskommunen ein dominerande arbeidsplass, både i Sogndal og på Leikanger. Og her er talet på fylkeskommunale arbeidsplassar jamt aukande.

Det er mange innafor både statleg og fylkeskommunal forvaltning som kjem frå nabokommunane og pendlar til jobb på Leikanger og i Sogndal, jf. figuren under.




Figur 8 Skilnaden mellom bustad og arbeidsstad. Sogndal/Luster. Stat og fylkeskommune. SSB.

Sogndal/Luster har soleis ein positiv pendlarbalanse på dette området.

Aurland


Aurland har kommunikasjon austover til Valdres gjennom Lærdal og vestover (mot Voss) med E16 og til Hallingdal med fv. 50 Aurland – Hol.

Kommunen har nesten ikkje offentlege arbeidsplassar (1,4 %) og det har minka med 18,8 % sidan 2017.



Figur 9 Tilsette med Aurland som arbeidsstad. Off. sektor. SSB

Offentleg eigde føretak i kommunen har blanda eigarskap, t.d. Flåm Utvikling/Aurland Ressursutvikling og kraftselskap. Fylkeskommunale arbeidsplassar er knytt til Sogn Jord- og Hagebruksskule.



Figur 10 Skilnaden mellom bustad og arbeidsstad. Aurland. Stat og fylkeskommune. SSB.

Pendlarbalansen syner at det er aurlendingar som pendlar til statlege arbeidsplassar i nabokommunane, t.d. høgskulen i Sogndal og sjukehuset i Lærdal.

Jord- og Hagebruksskulen er landsdekkande. Den rekrutterer truleg frå andre kommunar i landet og skapar innpendling.

Strategi

Aurland har ikkje noko vedteken strategi for fleire offentlege arbeidsplassar, men har t.d. bidrege til modernisering av skulen og utstyr til sjukehuset i Lærdal. Arbeidet skjer i regi av kommunen.


Lærdal/Årdal

Kommunane ligg inst i fjorden. Det er omfattande pendling mellom kommunane langs fv. 53.

Lærdal har god kommunikasjon vestover via Aurland til Voss. Nattestenging av Lærdalstunnelen dei neste fem åra vil svekke dette. Det er òg god kommunikasjon austover

over både rv. 52 Hemsedal og E16 Fillefjell. Dessutan nordover på rv. 5 frå Håbakken via Sogndal til Skei.


Årdal har kort veg over til Valdres og vidare til Innlandet/Oslo. Regulariteten her vinterstid er ikkje god.



Figur 11 Tilsette med Lærdal/Årdal som arbeidsstad. Off. sektor. SSB

Det har vore ei svar auke i statlege arbeidsplassar frå 2017 (1,7 %). Samla har dei to kommunane 6,8 % av arbeidsplassane, primært kytt opp mot sjukehuset i Lærdal. Dei fylkeskommunale arbeidsplassane er knytt til Årdal vidaregåande skule i Øvre Årdal.

Utviklinga er svakt minkande/stabil.



Figur 12 Skilnaden mellom bustad og arbeidsstad. Lærdal/Årdal. Stat og fylkeskommune. SSB.

Pendlarbalansen syner litt pendling til statlege arbeidsplassar i nabokommunane, t.d. høgskulen i Sogndal. Det er nesten ikkje pendling knytt til dei fylkeskommunale i BA-regionen.

Strategi

Årdal

Årdal har vedteke strategi og handlingsplan for offentlege arbeidsplassar. Arbeidet er lagt til kommunen.

4. Målt mot kriteria

Korleis stettar BA-regionane/kommunane lokaliseringskrava?

Verksemda sine behov

Her er kort skissert korleis BA-regionane skårar på lokaliseringskrava. Krav der det ikkje er lett å finne data og der skilja er små eller mindre relevant er ikkje teke med.

Fysisk nærleik til brukarar av tenester


Jo større kommunen er, jo fleire vil kunne ha fysisk nærleik til tenestene. Likevel er det nok slik at dei aktuelle oppgåvene vil ha brukarar frå heile landet, jf. NAV-Økonomi, Digdir¹⁶ mm. på Leikanger.

Fysisk nærleik til samarbeidspartnarar (fagmiljø, offentlege styresmakter osv.)

Med unntak av noko spisskompetanse i einskildkommunar (jf. Anna (spesifiser) – Spisskompetanse på s. 21), kjem Sogndal i ei særstilling med alle sine offentlege arbeidsplassar og varierte fagmiljø.

Bruk av eksisterande kompetanse

Staten vil i stor grad etterspørje personar med universitet- og høgskuleutdanning (kort og lang).



Figur 13 Prosent over 16 år med universitet- og høgskuleutdanning, 2022, SSB

Her er Sogndal i ei særstilling og Luster høgt oppe. Men mange med slik utdanning pendlar til ulike offentlege verksemdar i regionsenteret og Leikanger.

Sogndal si særstilling gjeld i stor grad òg ved:

- *Nyrekruttering av relevant kompetanse*
- *Relevante utdanningsinstitusjonar i arbeidsmarknaden*
- *Samlokalisering med andre einingar*

¹⁶ Digitaliseringsdirektoratet

Transporttilbod og -infrastruktur

Her er Sogndal lufthamn viktig. Kommunikasjonen i Årdal og Lærdal austover mot Oslo og Aurland vestover mot Voss og Bergen er ein positive faktor for desse kommunane.

Anna (spesifiser) – Spisskompetanse

Alle BA-regionane har spisskompetanse på ulike område som kan vere relevant og gjere lokaliseringa av mindre einingar aktuelt. Døme her kan vere:

- *Teknologibygda Årdal*
- *Reiselivet i Aurland*
- *Kriminalomsorga og krafta i Vik*
- *Helse i Lærdal*

Simulering

I tabellen nedafor er det simulert korleis ein tenkt etat vil kunne komme til å vurdere dei aktuelle BA-regionane i ei tenkt lokaliseringssak. Dei ulike elementa er vurdert på ein skala frå 1 til 5, og utan poeng der det ikkje er relevant, manglar data eller vanskeleg å vurdere.

Ei slik øving er sjølv sagt hypotetisk, spekulativt, subjektivt og i stor grad prega av skjønn. Det er mogeleg å ha ein litt anna poengsetting, men hovudtrekket vil truleg stå seg i ei konkret sak.

Den fyrste tabellen gjeld i kor stor grad BA-regionen stettar krava frå den statlege verksemda.

Tabell 7 Kriteria mot BA-region

Lokaliseringa stettar sektoren sine behov for:	Vik	S/L	L/Å	A
Fysisk nærleik til brukarar av tenester	1	3	1	1
Fysisk nærleik til samarbeidspartnarar (fagmiljø, offentlege styresmakter osv.)	1	5	1	1
Bruk av eksisterande kompetanse		3		
Nyrekruttering av relevant kompetanse		5		
Relevante utdanningsinstitusjonar i arbeidsmarknaden		5		
Transporttilbod og -infrastruktur	1	5	3	3
Samlokalisering med andre einingar	1	3	1	1
Anna (spesifiser) – Spisskompetanse	3	5	3	3
Sum	7	34	9	9

Lokaliseringspolitiske mål

Dette målet skil seg frå dei kriteria som skal stette verksemda sitt behov. Her vert det vurdert korleis ei etablering eller flytting påverkar den statlege sysselsettingsdelen og samansettinga i den aktuelle arbeidsmarknaden.

For å redusere negative verknader for einskildstadar skal det takast omsyn til den samla utviklinga av statlege arbeidsplassar. Dette er difor i stor grad politikk og særleg distriktpolitikk.

Tabell 8 Lokaliseringspolitiske mål. BA-region

Sysselsette i BA-regionen	Vik	S/L	L/Å	Aurland
Talet på sysselsette	1 195	9 473	3 558	948
Statleg sektors del av sysselsettinga	4,7 %	13,2 %	6,8 %	1,4 %
Endring statleg sektor over tid	-13,8 %	- 3,4 %	1,7 %	-18,8 %

Samla er det ein nedgang i sysselsetting i statleg sektor på 3,22 % frå 2017 til 2022 i regionen. Særleg er nedgangen høg i Vik og Aurland. Aurland (og Årdal) har dessutan i utgangspunktet nesten ikkje statlege arbeidsplassar.


Dette gjer det aktuelt å argumentere for at Indre Sogn, av lokaliseringspolitiske omsyn bør få tilført fleire statlege arbeidsplassar.

Attraktivitet

NHO – Kommune-NM

I tillegg til dei strenge kriteria den statlege lokaliseringspolitikken stiller opp er det interessant å sjå på både bustads- og næringsattraktivitet. NHO har etablert eit «kommunebarometer»¹⁷ som ein årleg rangering av dei økonomiske prestasjonane og rammevilkåra for næringslivet i norske kommunar og fylke.

Rangeringa er sett saman av faktorar frå næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommuneøkonomi.



Figur 14 Kommune-NM og andel off. arbeidsplassar i Sogn. NHO (-23) og SSB (-22)

Den blå stolpen med venstre akse syner % fordelinga av statlege arbeidsplassar i regionen. Dei raude punkta med høgre akse syner plasseringa i «kommune-NM».

Telemarkforskning

I 2019 vart det gjennomført ein «Regional analyse Sogn og Fjordane 2019»¹⁸ der forskarane tok føre seg næringsutvikling, befolkningsutvikling, attraktivitet og ulike scenario.

Analysen er på kommunenivå. Det er sjølvsgatt avvik pga. ulik metode og litt skilnad i tid, men bilete er rimeleg eintydig.

¹⁷ <https://www.nho.no/tema/offentlig-sektor-og-naeringslivet/kommune-nm/>

¹⁸ <file:///C:/Users/jan/OneDrive%20-%20Vidsyn%20r%C3%A5dgivning%20as/01%20-%20Jobb/03.%20Oppdrag/SR%20-%20Offentlege/Statistikk/Attraktivitet%20Telemark%20.pdf>

Tabell 9 Attraktivitet. Rangert. Ulike kjelder.

Kommune	NHO - Total	NHO 2022	Bustadattraktivitet Telemarksforskning 2019
Sogndal	16	14	48
Aurland	74	94	52
Årdal	134	96	376
Luster	135	143	162
Vik	159	209	206
Lærdal	203	200	239

5. Utfordringa

Realisme og forplikting

Sogndal står sterkt!

Sogndal/Luster skil seg klårt ut som den BA-regionen i Indre Sogn der det kan vere mogeleg å vinne fram i konkurransen mot minst to andre aktuelle lokaliseringsstader i landet.

Ein slik konklusjon samsvarar godt med det lokaliseringspolitiske omsynet som ligg i punkt 5.2.2 i retningslinene. Der vert regionale senter vektlagt pga. det potensiale verksemda kan bidra med:

«Ved oppretting av nye eller ved strukturendring eller omlokalisering av statlege verksemder, skal det leggjast vekt på lokalisering i regionale sentra der verksemda har størst potensial for å bidra til det lokale tilbodet av arbeidsplassar, både med omsyn til omfang og breidde.»

I tillegg er Sogndal/Luster den BA-regionen som truleg vil skåre høgast på dei kriteria som vert lista opp og som den statlege verksemda skal vurdere og dokumentere i konkurransen mellom minst tre stader.

Nokre få unnatak

Men samstundes kan det kanskje vere nokre får unnatak. Komparative føremoner i nokre av kommunane rundt regionsenteret kan kanskje gjere det mogeleg å vinne fram med ei mindre lokaliserings sak der spisskompetansen vert avgjerande.

I slike tilfelle må Sogndal syne ei raus side og bidra sterkt. Ved nokre høve opp gjennom åra har nok nabokommunane sakna slik medverknad frå regionsenterkommunen.

Tilråding

Ei felles forståing mellom kommunane om at BA-regionen Sogndal er prioritert lokaliseringsstad er ein heilt naudsynt – men ikkje tilstrekkeleg - føresetnad for kommunane skal samarbeida og samhandle om å ta vare på og etablere nye offentlege arbeidsplassar.

Om det ikkje vert ein slik felles forståing kan kommunane like godt halde fram med alle sin kamp mot alle. Sognarådet IPR kan då legge vekk målet om ei felles satsing.

Vegen vidare

Men med semje og felles forståing vil det vere naturleg å gå vidare med satstinga i regi av Sognarådet IPR.

Ansvar

Rådmannsgruppa er no erstatta med Kommunalt Oppgåvefelleskap med ansvar for driftsoppgåver.

Etter omorganiseringa er det difor naturleg at denne satsinga ev. vert lagt til eit av dei to politiske organa, AU (ordførarane) eller Sognatinget sjølve.

I tillegg må administrasjonen ta ansvar for å følgje med i kva som skjer både i statsforvaltninga og fylkesadministrasjonen på området. Her gjeld det å vere tidleg ute. NOU'ar, Stortingsmeldingar og budsjett er dokument der det tidleg kjem signal.

Det politiske organet som får ansvaret må dessutan vurdere om det er trong for meir ressursar for at administrasjonen skal kunne halde seg oppdatert.

Strategi

Det organet som får ansvaret bør så gjennomføre ein strategiprosess, med analyse av veike og sterke sider, truslar og opningar.

Det er ikkje beinkløyvd å finne dei fagområda der det er mogeleg å vinne fram. Utan ei slik strategisk analyse vert innsatsen mindre målrette og tilfeldig.

Alle røynsler tyder på at eit godt strategisk grep er å knyte arbeidet opp til dei offentlege institusjonane som alt er etablert i Sogn og nytte nettverk og kunnskap hjå leiarane der.

Handlingsplan

Og sist, men ikkje minst, må arbeidet forankrast i ein handlingsplan og dei årlege budsjetta.

6. Figurar og tabellar

Figur 1 Saksgang for ei lokaliseringssak. Kjelde: Rettleiaren.	8
Figur 2 Folketalsendring. Kommune. SSB	13
Figur 3 Folketalsendring. BA-region. SSB	14
Figur 4 Fordelinga i Sogn. Statleg sektor. 2022. SSB.....	15
Figur 5 Tilsette med Vik som arbeidsstad. Off. sektor. SSB	15
Figur 6 Skilnaden mellom bustad og arbeidsstad. Vik. Stat og fylkeskommune. SSB.	16
Figur 7 Tilsette med Sogndal/Luster som arbeidsstad. Off. sektor. SSB.....	17
Figur 8 Skilnaden mellom bustad og arbeidsstad. Sogndal/Luster. Stat og fylkeskommune. SSB.....	17
Figur 9 Tilsette med Aurland som arbeidsstad. Off. sektor. SSB	18
Figur 10 Skilnaden mellom bustad og arbeidsstad. Aurland. Stat og fylkeskommune. SSB. .	18
Figur 11 Tilsette med Lærdal/Årdal som arbeidsstad. Off. sektor. SSB.....	19
Figur 12 Skilnaden mellom bustad og arbeidsstad. Lærdal/Årdal. Stat og fylkeskommune. SSB.....	19
Figur 13 Prosent over 16 år med universitet- og høgskuleutdanning, 2022, SSB	20
Figur 14 Kommune-NM og andel off. arbeidsplassar i Sogn. NHO (-23) og SSB (-22)	22
Tabell 1 Lokalisering basert på behova til verksemda	8
Tabell 2 Lokalisering basert på lokaliseringspolitiske mål	9
Tabell 3 Sentraliseringsklass. Kommunane i Indre Sogn	9
Tabell 4 Utflytting. 2022 - 24. Kjelde: Faktisk.no	9
Tabell 5 Organisasjonsstrukturen i Vestland fylkeskommune. Kjelde: Intensjonsplan.....	11
Tabell 6 Sysselsette i statleg sektor fordelt på BA-regionar. Sogn. 2022. SSB.....	14
Tabell 7 Kriteria mot BA-region	21
Tabell 8 Lokaliseringspolitiske mål. BA-region	21
Tabell 9 Attraktivitet. Rangert. Ulike kjelder.....	23

7. Notar

Talmaterialet

Statistikken er henta frå ei rad ulike kjelder. Dette går fram av tabell- og figurtekst, fotnotar eller sluttnotar. Reine kommunale arbeidsplassar er ikkje teke med i talmaterialet,

Skilje mellom statlege, kommunale og fylkeskommunale arbeidsplassar er vanlegvis greitt. Det er meir krevjande når det gjeld offentleg eigde føretak. Dei er difor berre i nokre høve med i talmaterialet.

Mykje av statistikken startar i 2008 og går fram til 2022. I fyrste del av denne perioden har det skjedd ei rad strukturendringar som påverkar fordelinga som t.d. oppretting og avvikling av sams vegadministrasjon, flytting av oppgåver frå tidlegare fylkesmann til fylkeskommunen og frå sentral stat til fylkeskommunen, endring av eigarskapen i Innovasjon Noreg m.m.

Det har òg vore endringar i kommunestrukturen. Leikanger, delar av Balestrand og Sogndal vart ein kommune i 2019, medan Nessane gjekk frå Sogndal til Høyanger i 2020.

Det er difor vanskeleg å legge for mykje vekt på dei fyrste åra (frå 2008) i nokre av talseriane.

Definisjonar

Sentralitetsklasse:

Klassifisering frå SSB som måler sentralitet for kommunen basert på nærleik til arbeidsplassar og servicefunksjonar. Kommunane blir klassifisert frå 1 til 6, og der 1 er dei mest sentrale kommunane og 6 er dei minst sentrale (Sentralitetsindeks SSB)

Strukturendringar:

Ei omlegging i verksemda som inneber at organiseringa av funksjonar eller oppgåver blir endra, og som fører til etablering, flytting eller nedlegging av arbeidsplassar.

Verksemder med regional struktur:

Verksemder som har fleire lokasjonar/kontorstader fordelt på ulike geografiske stader i landet. Dette gjeld både funksjonsorganiserte og geografisk organiserte verksemder.

FOT-ruter:

Flyruter som ikkje er kommersielt lønsame å drive, og kor staten betaler flyselskap for å sikre eit godt flytilbod.

Største byane:

Kva som blir definert som dei største byane vert avklart i den einskilde sak, i samråd med KDD.

Regionsenter

Her er tenkt aksene Leikanger – Sogndal og særleg Sogndal sentrum.

Offentleg arbeidsplass:

Det er kommunale, fylkeskommunale, statlege, regional stat og offentleg eigde føretak (sjå eigen definisjon). I dette notatet er kommunale arbeidsplassar ikkje teke omsyn til korkje i tekst eller statistikk.

Funksjonsorganiserte:

Arbeidsplassar der oppgåvene femner heile landet og ikkje ei avgrensa geografisk eining.

Indre Sogn:

Her vert det rekna som kommunane Aurland, Lærdal, Årdal, Vik, Luster og Sogndal.

Offentleg eigde føretak:

SSB definerer offentlig eigde føretak som:

«Alle markedsrettede, ikke-finansielle selskaper der staten eller kommunene/fylkeskommunene direkte eller indirekte eier mer enn 50 prosent av aksjekapitalen, inkludert alle særlovsselskaper og forvaltningsbedrifter.»

Her finn vi både statlege, kommunale og fylkeskommunale. Det gjer at bruk av offentlig eigde føretak i talmaterialet både kan bli rekna som statlege, fylkeskommunale og/eller kommunale.

8. Sluttnotar

ⁱ Det gamle regionrådet med ordførarane er no arbeidsutval (AU). Etter kap. 18 i lova er overbygginga eit interkommunalt politisk råd; Sognarådet IPR.

Sognatinget er representantskap og sett saman av formannskapa i alle dei seks kommunane. IPR'et har ein samarbeidsavtale som regulerer arbeidet. Kvar av kommunane har ein stemme.

Rådmannsgruppa er erstatta av eit kommunalt oppgåvefelleskap (Sogn KO) i samsvar med kap. 19. Her er ordførarane representantskap og kommunedirektørane styre. Dette arbeidet er òg regulert av ei samarbeidsavtale.

ⁱⁱ Retningslinene gjeld ikkje for stiftingar, statsføretak, særlovsselskap, statsselskap eller andre føretak som staten eig. Retningslinjene gjeld heller ikkje for Forsvaret si operative verksemd, og den delen av Arbeids- og velferdsetaten (NAV) som er regulert gjennom avtale mellom NAV og kommunane. Unnateke er òg:

- Departementet sin eigen organisasjon
- Tidsavgrensa oppgåver
- Kollegiale organ
- Flytting innafor same kommune
- Endring av namn eller organisasjonsnummer

ⁱⁱⁱ Kjelde: «Bo- og arbeidsmarkedsregioner (BA-regioner) er en inndeling av Norge i 159 funksjonelle regioner. Bo- og arbeidsmarkedsregioner benyttes i ulike økonomiske analyser der det er behov for funksjonelle regioner på et nivå mellom kommuner og fylker. En BA-region har i stor grad felles markeder for arbeidskraft og arbeidsplasser, der innbyggerne ikke trenger å flytte eller bruke vesentlig tid på å reise for å arbeide.

Bo- og arbeidsmarkedsregioner har som mål å inndele Norge i hvilke områder som fungerer som økonomiske enheter ved å se på sammenhengen mellom sted innbyggerne har arbeidssted og hva de har som bosted. Nåværende inndeling i BA-regioner tar utgangspunkt i kommuneinndelingen fra 1.1.2020.»